



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 14.02.2019
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 - 20:25

| Møtedeltakarar | Parti | Rolle |
|-------------------------|-------|--------------|
| Per Lerøy | AP | Ordførar |
| Anne Dahle Austrheim | KRF | Varaordførar |
| Siri Kaland | AP | Medlem |
| Hardy Pedersen | AP | Medlem |
| Merethe Rikstad Tresvik | AP | Medlem |
| Asbjørn Brandtun | AP | Medlem |
| Monika Thorpe | AP | Medlem |
| Trude Sleire | AP | Medlem |
| Tore Austrheim | AP | Medlem |
| Jorund Stellberg | UAH | Medlem |
| Morten Sognes | H | Medlem |
| Viggo Leirvåg | H | Medlem |
| Randi Dyrøy | KRF | Medlem |
| Jan Erik Espelid | V | Medlem |
| Liv Ulvøy | UAH | Medlem |
| Reidar Øksnes | SP | Medlem |

| Forfall meldt frå følgjande medl. | Parti |
|-----------------------------------|-------|
| Rikke Heldal Hope | H |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Rolle |
|--------------------------|-------|------------|
| Solveig Hopen | H | Varamedlem |

Desse møtte frå administrasjonen:

Asbjørn Nagell Toft, Monika Kvamme, Olav Mongstad, Rolf-Henning Myrmel

Austrheim 15. februar 2019

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|-----------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 001/19 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 002/19 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 003/19 | Meldingar |
| 003/19.1 | Skatt på formue og inntekt per 31.12. 2018 |
| 003/19.2 | Melding om vedtak i fylkesutvalet - namn på fylkesvegbruer i Austrheim kommune |
| 003/19.3 | Praksis for inndrivning av ikkje betalt renovasjonsavgift |
| 003/19.4 | Regionsreformen - konsekvensar for matrikkelen av å endre kommunenummer |
| 003/19.5 | Endringar i husbankens låne- og tilskotsordningar i 2019 |
| 003/19.6 | Løypemelding for prosjektet «Akuttberedskap – kommunalt barnevern i Hordaland» |
| 003/19.7 | Skulebiblioteket ved AVS - Oppseiing av avtale og reforhandling |
| 003/19.8 | Underskriven avtale om Frisklivs- lærings- og meistringstilbod |
| 003/19.9 | Årsrapport - 2018 - Skatteoppkrevjaren i Austrheim kommune |
| 003/19.10 | Protokoll - Kontrollutvalet - 05.02.2019 |
| 003/19.11 | Særutskrift kontrollutvalet 05.02.2019 |
| 004/19 | Orienteringssak |
| 005/19 | Val av nytt kontrollutval, med erstatting av medlem som har flytta |
| 006/19 | Klage på godkjenningsvedtak på Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyyna - del av gnr. 163, planid. 2017005 |
| 007/19 | Godkjenning av Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune |
| 008/19 | Endring av valkrinsane i Austrheim |

001/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

14.02.2019 KOMMUNESTYRET

Reidar Øksnes (Sp) fekk ordet og ba om at det vert vurdert å endra politisk styringsmodell for Austrheim kommune, frå dagens ordning med formannskap og kommunestyre og tilbake til utvalsmodellen som var nytta tidlegare. Øksnes viste til at dette var tilrådd av KS i samband med politikaropplæringa som kommunestyret hadde fått.

Øksnes la til at han ville ha den nye modellen gjeldande frå hausten 2019, og at han oppfatta det slik at det er politisk fleirtal for ei slik endring. Representanten sa også at han ikkje venta ei realitetshandsaming over bordet i dette møtet, men at han ønskte å dela ut framlegget og diskutera vidare kva ein kan gjera vidare med dette framlegget.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein burde leggja framlegget frå Øksnes ved protokollen og be rådmannen førebu ei eiga sak på dette. Lerøy la til at dette ikkje kan verta til kommunestyremøtet i april, der det allereie er mange saker, og at rådmannen får komma tilbake til kommunestyret med ei sak når denne er klar.

Ordførar Per Lerøy sa at det var komme inn ein interpellasjon frå Liv Ulvøy (Uavh), som skulle vore sendt ut med innkallinga. Lerøy spurte kommunestyret om det var greitt at interpellasjonen vart teken opp etter orienteringane, og fekk tilslutnad til det.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 001/19 - 14.02.2019 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

002/19: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

14.02.2019 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 002/19 - 14.02.2019 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

003/19: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

14.02.2019 KOMMUNESTYRET

Meldingane var til dette møtet ikkje med i det samanlegne dokumentet med innkalling og sakliste, slik at ein måtte sjå meldingane gjennom politikarportalen. Dette vart etterlyst, og meldingane kjem neste gong med det samanslegne dokumentet, dog kanskje i to ulike dokument på grunn av filstorleik.

For nokre av meldingane var det kommentarar/spørsmål.

Til meldinga om NGIR gjorde fungerande rådmann Olav Mongstad greier for dagens praksis i tilfelle der renovasjonsavgifta ikkje vert betalt. NGIR sender puring, om denne ikkje vert betalt går saka til Lindorff for inkasso. Om dette ikkje fører fram tek Lindorff kontakt med Austrheim kommune som så ordnar med utlegg i løn/trygd for dei aktuelle abonnentane. Kommunen overfører så pengane til Lindorff som igjen gjer opp med NGIR.

Dette betyr at saker for abonnentar i Austrheim ikkje går til tvangsinndriving med tvangssal av bustad, noko som politiet har uttalt er særskild tidkrevjande for dei i tillegg til at det er omfattande tiltak å setja i verk for ein relativt sett mindre sum.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at politiet har mykje arbeid med denne typen namnssaker i andre kommunar, men ikkje i Austrheim.

Tore Austrheim (Ap) spurte rådmannen om det kunne vera aktuelt å overta det arbeidet som Lindorff gjer i slike saker, fungerande rådmann Olav Mongstad svarta at det ikkje var rom for å ta inn meir arbeid i administrasjonen.

Til meldinga om akuttberedskap for barnevernet viste fungerande rådmann Olav Mongstad til at fylkeslege Helga Arianson har engasjert seg, og at fylkeslegen meiner at for få kommunar har ordning med barnevernsvakt. I heile 2018 har det pågått eit arbeid i fylket for å få på plass dette, der Bergen i starten var aktuell som vert men no har trekt seg ut.

No har ein komme fram til ein regional modell der kommunane i Nordhordland finn ei ordning saman, for det som vert ein region med kring 30.000 innbyggjarar. Den største kommunen, Alver, har tatt på seg å vera vertskommune. Den endelege modellen for dette er no ute på høyring, og det vert jobba vidare med å komma fram til ei ordning som kan fungera for alle kommunane.

--

Til meldingane om at Austrheim vidaregåande seier opp avtalen om skulebibliotek, og vil reforhandla denne med verknad frå 1. september 2019, sa ordførar Per Lerøy at også AVS er i ein situasjon der dei

må spara pengar, sjølv om det betyr redusert tilbod til elevane. Kommunen har i dag ein avtale med skulen tilsvarande ei 35 prosent stilling.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om andre kommmnar burde vore med på å dela rekninga til skulebibliotek ved AVS, som til dømes Gulen og Masfjorden. Per Lerøy (Ap) svarta at det kunne vera ei naturleg løysing, medan fungerande rådmann Olav Mongstad sa at det også er andre til bod ved skulen som er under press, som helsesøster.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

KS - 003/19 - 14.02.2019 - Vedtak:

Meldingane vart tekne til orientering

004/19: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

14.02.2019 KOMMUNESTYRET

Det vart orientert om desse sakene:

- Statusrapport for arbeid utført ved Kaland Skule (Rolf Henning Myrmel)
- Randkommune-samarbeid (Olav Mongstad)
- Friluftsområde Klungeneset (Asbjørn Toft)
- Statusrapport gangbru over FV365 ved Fonnes (Rolf-Henning Myrmel)

I tillegg la Liv Ulvøy (Uavh) fram sin interpellasjon, som ordførar Per Lerøy (Ap) svarta på.

- Statusrapport for arbeid utført ved Kaland Skule

Leiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om det arbeidet som er utført ved Kaland skule, med ein Powerpoint-presentasjon (ligg ved).

Myrmel oppsummerte med at ein er kommen eit langt stykke på veg med det som er gjort, men at det framleis står mykje att før heile skulebygget har dagens standard. Skulebygget må oppgraderast vidare, og det vil kosta pengar.

Tore Austrheim (Ap) tok opp at det no er utfordringar med vannfall, der vatn samlar seg ved døra frå garderoben og inn til svømmehallen, i både gute- og jentegarderoben. Austrheim viste også til at der er enkelte andre svake punkt, som at lister går heilt ned til golvet, og ba vidare om at det vert laga eit oppsett som viser kva står att før ein er heilt i mål med lang- og kortsiktige tiltak som må til før ein har skulen etter dagens standard.

Asbjørn Brandtun (Ap) spurte kva Austrheim kommune kan læra av dei ulike byggeprosjekt i kommunen, og viste til at at det etter hans syn var brukt rimelege men dårlege løysingar fleire stader. - Kva lærer ein av dette for kommande bygg, vert det meir på kvalitet og er oppfølginga betre med jamleg vedlikehald?

Reidar Øksnes (Sp) sa at kommunen ei stund hadde større lyst på investeringar enn vedlikehald, og

etterlyste at det vart sett av nok midlar til løpande vedlikehald for å unngå etterslep. Øksnes spurte administrasjonen kva av det arbeidet som er gjort på Kaland som vert rekna som investeringar, og kva som vert rekna som drift.

Per Lerøy (Ap) sa at dette med lister som går ned til golvet i våtrom, og manglande drenering av vatn i garderobe, må kunna takast opp med dei som har utført arbeidet. Lerøy etterlyste vidare ein plan for kva som skal skje med uteområdet på skulen, som med manglande lys kring Sportcourt-arealet, og nytt toppdekke på fotballbana der kommunestyret har løyvd noko midlar. Som Brandtun etterlyste også Lerøy svar på kva kommunen lærer av dei prosjekta som er gjennomførte, og spurte om når ein skal setja strek for oppgraderingane av Kaland barne- og ungdomsskule.

Randi Dyrøy (KrF) viste til at Miljøretta Helsevern har hatt tilsyn med skulen og levert rapport i januar 2019, og etterlyste kva stoda er etter denne tilstandsrapporten?

Rolf Henning Myrmel svara på spørsmål:

- Vatnopsamling i garderobane mot dørene til svømmehallen, dette skal no vera ordna gjennom betre drenering. Lister som går heilt ned til golvet og dreg fukt, dette er noko ein skal følgja opp i samband med eittårsbefaring.
- Kvalitet på arbeid, her sa Myrmel at det valt varer med betre kvalitet enn det som ei tid var vanleg, som ved å bruka Steni-plater heller enn trepanel. Men samstundes er dette også styrt av anbudsreglane, så lenge vara er godkjent på leveransetidspunktet så kan ein ikkje krevja å få noko anna.
- Det arbeidet som er utført på Kaland barne- og ungdomsskule er å rekna som investering, sidan det som er skifta ut er over levetida, til dømes over 50 år gamle vindauger som har hatt ei nedskrivingsstid på 30 år.
- Administrasjonen kjem tilbake til kva som står att av arbeid og korleis dette skal løysast, men har tatt med seg erfaringa om å ta seg betre tid, slik at ein til dømes ikkje startar prosjekteringa av elektro før ein er ferdig med prosjekteringa av ventilasjon, og såleis ikkje veit kor stort straumforbruk det skal prosjekterast for.
- Om den siste rapporten frå Miljøretta helsevern sa Myrmel at den har urovekkande mange merknader. Mange er greie å kryssa ut, og der er ein godt i gang, på ting som til dømes internkontrollsystem. Andre mindre tiltak er nytt toalett som er i bestilling, samt deler til det gamle ventilasjonsanlegget som ei stund har vore ute av funksjon. Andre tiltak er meir omfattande, til dømes ser ein no på å montera trappeheis for å sikra universell tilkomst for Kaland 2 og 3, og for kontroll av leikeplassar skal dette arbeidet ut på anbod. Kommunen har frist til 1. april 2019 med å lukka avvika, eller levera plan for korleis ting skal ordnast.
- Samstundes er det slik at for Kaland 1 så vil den aldri kunne verta oppgradert til eit skulebygg som oppfyller krav til universell tilkomst med meir. Her må kommunestyret seia kva ein vil med denne delen av skulen.

Fungerande rådmann Olav Mongstad orienterte om status for randkommune-samarbeidet, der det no er aktuelt med eit tettare samarbeid for rekneskap og løn. (Sjå også dokumentet «Felles sak til kommunestyra i «Randkommunane» i Nordhordland – kommunalt oppgåvefelleskap for rekneskap og løn» ligg ved protokollen).

Mongstad sa at Austrheim har sagt seg villig til å ta på seg ei vertsrolle i dette samarbeidet, som så kan oppretta leveranseavtaler med dei andre kommunane. Det er ikkje var tale om å flytta arbeidsplassar, men for å få det til å fungera desentralisert må alt standardiserast og digitaliserast, og dei teknologiske løysingane må takast i bruk.

Det er ein del utfordringar, som korleis ein skal klara å få til ei felles leing av denne sektoren, og det må vera ein eigen fagleg leiari som kan leia og koordinera dette arbeidet.

Kvar kommune skal no vurdera dette og etter kvart seia ja eller nei til å gå vidare i eit samarbeid, og i Austrheim skal ein ha møte med dei tilsette og deira tillitsvalde. På rådmannsnivå er ein så langt positiv til å sjå på dette, og så vil ein etter kvart utarbeida ei sak som kommunestyret skal gjera vedtak i.

Mongstad viste til at «randkommunane» alt er i gang med samarbeid om Nav gjennom Nav Fensfjorden, og sa at dersom randkommunane skal klara å halda fram med å yta gode tenester så trur han dette er noko av det Austrheim må gå inn i.

Jorund Stellberg (Uavh), spurte kvifor det ikkje var vurdert å ha dette samarbeidet som eit eige

rettssubjekt.

Fungerande rådmann Olav Mongstad svare at det etter lova kan vera eit slikt oppgåvesamarbei utan å ha det som eit eige rettssubjekt.

Avdelingsleiar for Plan, byggesak, oppmåling og miljø, Asbjørn Toft, orienterte om arbeidet med friluftsområdet i Klungreneset. Dette arealet, på kring 4,5 mål, vart regulert som friområde ved siste rullering av kommuneplanen, godkjent av kommunestyret i 2017. Eigaren av arealet ber no om at kommune løyser det inn, det kan vedkommande krevja sidan dette no er friområde, og det vil komma ei politisk sak på dette. Dette skal verta ein fint friområde saman med området som kommunen alt eig ved småbåthamna.

Leiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om det framdrifta for gangbru over FV565 ved Fønnes. Myrmel har sjekka dette med Håvard Dyrkolbotn, som er Statens vegvesen sin prosjektleiar for Nordhordlandspakken, og fått svar om at det tidlegaste brua kan vera klar er i desember 2019. Tida går med til å først lysa ut anbod for å velja produsent, deretter bestilla prosjektering og senda til Vegdirektoratet for endeleg teknisk godkjenning, før brua kan setjast i produksjon. Ordførar Per Lerøy viste til at i planen for Nordhordlandspakken ligg det ferdigstilling på denne brua i april 2019, men at tilbakemeldingane ein har fått no er at det realistiske kanskje er april 2020.

Asbjørn Brandtun (Ap) etterlyste at det for ein del av orienteringane som er tekne opp, ligg føre eit notat på førehand slik at kommunestyrerepresentantane kan setja seg inn i sakene på førehand.

Interpellasjon frå Liv Ulvøy (Uavh)

Representanten Ulvøy la fram interpellasjonen (sjå vedlegg).

Ordførar Lerøy svare på interpellasjonen (sjå vedlegg). Lerøy oppsummerte med at Austrheim kommune er usamd med Helfo, noko som er støtta av både fylkeslege og tidlegare assisterande fylkeslege.

Liv Ulvøy fekk ordet til interpellasjonen, og spurte om kommunen ventar og ser om kravet kjem, eller gjer noko anna i mellomtida. Ulvøy etterlyste også at kommunestyret vert orientert når det er tale om så store tal som dette.

Fungerande rådmann Olav Mongstad svare på dette, og sa at ein avventar denne saka til det eventuelt kjem noko krav frå Helfo. Mongstad la til at etter administrasjonen sitt syn er denne saka handsama ope, all den til økonomisjef Olav B. Andersen tok dette opp i samband med budsjetthandsaminga.

KS - 004/19 - 14.02.2019 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

005/19: Val av nytt kontrollutval, med erstatting av medlem som har flytta

Rådmannen sitt framlegg:

Klikk her for å skrive inn tekst.

14.02.2019 KOMMUNESTYRET

Siri Kaland, leiar i valnemnda, la fram framlegg til nytt kontrollutval. Med unntak av Rolf Sandstad som har flytta frå kommunen, er det attval på dei resterande faste medlemmene, med den endring at Edvard Bjerkestrand (KrF) går opp frå vara til fast møtande. Og ny varamedlem er Ivar Bergsvik (Ap).

Framlegg til nytt kontrollutval:

Faste medlemmer: Tore Austrheim (Ap), Solveig Hopen (H), Bente Øksnes (Sp), Arne Kästel (V) og Edvard Bjerkestrand (KrF). Varamedlemmer: Mariell Sundfjord Storebø (Ap), Dag Arne Solberg (H), Jacob Sæthre (Sp), Torunn Helland Karlsen (V) og Ivar Bergsvik (Ap).

Samrøystes vedteke.

KS - 005/19 - 14.02.2019 - Vedtak:

Nytt kontrollutval i Austrheim:

Faste medlemmer: Tore Austrheim (Ap), Solveig Hopen (H), Bente Øksnes (Sp), Arne Kästel (V) og Edvard Bjerkestrand (KrF). Varamedlemmer: Mariell Sundfjord Storebø (Ap), Dag Arne Solberg (H), Jacob Sæthre (Sp), Torunn Helland Karlsen (V) og Ivar Bergsvik (Ap).

006/19: Klage på godkjenningsvedtak på Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna - del av gnr. 163, planid. 2017005

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune tek klagen til Fylkesmannen i Hordaland til følge, og tek ut dei to siste setningane i vedtaket gjort den 08.11.2018, sak 085/18. Grunngeving er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

Godkjenningsvedtaket vert då:

*Austrheim kommune godkjenner **Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna - del av gnr. 163, planid. 2017005**. Plankart er datert den 01.10.2018 og reguleringsføresegner er datert den 05.10.2018. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.*

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan m.m. Asbjørn Toft viste til at denne reguleringsplanen hadde vore gjennom ein lengre runde før den var oppe i kommunestyret sist, mellom anna med dialogmøte med Fylkesmannen.

Når desse to rorbuene kom inn som ei endring i kommunestyret si handsaming, var det ikkje overraskande at det kom klage frå Fylkesmannen, sidan dette ikkje var slik ein var samde om i dialogmøtet. Rådmannen innstiller på at ein tek klagen til følge, slik at dei som har igangsett arbeidet med reguleringsplanen kan komma i gang. Toft meiner at alle partar i denne saka har fått noko gjennom den reguleringsplanen som er utarbeidd.

Slik rådmannen ser det, vil ein ved ei handsaming hjå settefylkesmann ikkje klara å oppnå noko anna resultat enn det som er komme fram så langt, anna enn at det kjem til å gå tid til nye høyringsrundar og planarbeid, som kan ta rundt eit års tid å gjennomføra.

Fungerande ordførar Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om ein kan seksjonera desse einingane seinare.

Toft svara til Anne Dahle Austrheim at også etter ei eventuell seksjonering vil dette området vera regulert til næring, slik at dei som eventuelt brukar dette meir "privat" må vera budde på at nabororbueene vert brukte som næring (utleige). Toft sa at dersom dette vert godkjent etter planen kan utbyggarane raskt komma i gang med utviklinga, både småbåthamn med meir.

Jorund Stellberg (Uavh.) sa at for henne tel det mykje at kommunestyret har sagt at desse to nausta skal kunna vera rorbuer, som er det nye momentet som har komme i denne saka.

Siri Kaland (Ap) sa at gruppemøtet til Ap har diskutert saka, og at ein går for det framlegget som ligg frå rådmannen.

Assisterande rådmann Olav Mongstad tok opp om denne saka skulle vidare til kommunestyret. Semje i formannskapet om at den ikkje skulle det.

Samrøystes vedtak i formannskapet.

FS - 009/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Austrheim kommune tek klagen til Fylkesmannen i Hordaland til følgje, og tek ut dei to siste setningane i vedtaket gjort den 08.11.2018, sak 085/18. Grunngeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

Godkjenningsvedtaket vert då:

*Austrheim kommune godkjenner **Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna - del av gnr. 163, planid. 2017005.** Plankart er datert den 01.10.2018 og reguleringsføresegner er datert den 05.10.2018. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.*

14.02.2019 KOMMUNESTYRET

Merknad: Då saka var oppe i formannskapet 24.01.2019 sa eit samla formannskap at klagen frå fylkesmannen skulle takast til følgje, og at denne saka ikkje skulle gå vidare til kommunestyret. Men i saker som dette, der det er eit vedtak gjort i kommunestyret som er påklaga, så skal saka alltid tilbake til kommunestyret.

Avdelingsleiar for Plan, byggesak, oppmåling og miljø, Asbjørn Toft, orienterte på vegner av administrasjonen om det som har skjedd i denne saka. Etter at kommunestyret i møtet i november 2018 la inn ei endring som opna for å gjera to naust om til fritidsbustader, så klaga Fylkesmannen på dette vedtaket. Toft sa at dersom kommunestyret ikkje tar denne klagen til følgje så vil Fylkesmannen oppretthalda sin klaga og saka vil gå til settefylkesmann, noko som vil vera tidkrevjande men der det endelege resultatet vert det same. Toft sitt råd er at kommunestyret tek klagen til følgje, slik at ein kan få dette godkjent, og viste til at eit samla formannskap går inn for å ta klagen til følgje.

Reidar Øksnes (Sp) oppmoda kommunestyret til å visa at det er dei som vil ha makta i denne saka. - Eg er klar over at ein ikkje ønskjer å tirra Fylkesmannen, men det skal vera forskjell på politikk og kommunestyre og administrasjon og byråkrati. Eg meiner me skal halda oss på det vedtaket me hadde sist, sa Øksnes.

Administrasjonen ved Toft sa vidare at det ein kan læra av slike saker er at å komma inn tidleg slik at ein kan vera med i høyringar, og komma med i framlegg til kart og føresegner. Å endra dette heilt i slutten etter tunge rundar med offentlege instansar og andre er vanskeleg, ein må ta det tidleg i prosessen. - Ikkje minst for dei som har brukt pengar på desse planane, er det viktig å få den godkjent slik at dei kan realisera planane sine, sa Toft.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at kommunestyret har gjort eit ærleg forsøk på å komma desse grunneigarne i møte (som ville ha naust omgjort til fritidsbustad), men at det diverre ikkje gjekk. - Eg trur som rådmannen at me for å gjera rett i høve til dei som har jobba med planen og finansiert denne, så bør me godta klagen frå Fylkesmannen. Ein vil ikkje få godkjent ei omgjerding frå naust til fritidsbustad uansett, det vil berre gje utsettingar.

Jorund Stellberg (Uavh) sa at lærdommen i denne saka er at ein må komma inn med innspela før det har vore møte med Fylkesmannen, for når planavdelinga har hatt desse møta med Fylkesmannen så er rommet for skjønn avgjort. - Det må leggest tydelegare premiss for dei samtalane som skjwer undervegs med Fylkesmannen, sa Stellberg.

Morten Sognnes (H) spurte kva som er prosessen seinare om dei to nausteigarane om ei tid prøver å endra desse til fritidsbustader.

Asbjørn Toft frå administrasjonen svara at grunneigarane kan prøva om ei tid å få ei planendring, der dei kan testa naboane og det offentlege. Det er også mogleg å søka om dispensasjon, men det kan vera vanskeleg å få gjennomslag for med ein ganske ny plan.

Reidar Øksnes (Sp) hadde spørsmål til avrøystinga, og ba om at det først vart røysta over om ein skal godkjenne planen med dei to nausta, og dersom dette fall om ein skulle seia ja eller nei til planen som heilskap.

Fungerande rådmann Olav Mongstad svara Øksnes med at det her berre var tale om å ta stilling til klagen frå Fylkesmannen, og at ein berre kan seia ja eller nei til klagen.

Vedtaket vart gjort mot ei røyst, Reidar Øksnes frå Sp.

Etter vedtaket ba Asbjørn Toft frå administrasjonen om at kommunestyret slutta seg til at dersom det kjem nye klager på dette vedtaket, så kan administrasjonen få ta ei klagevurdering og eventuelt senda til Fylkesmannen for endeleg avgjerd, utan vidare politisk handsaming.

KS - 006/19 - 14.02.2019 - Vedtak:

Vedteke med 16 mot 1 røyst (Reidar Øksnes frå Sp):

Austrheim kommune tek klagen til Fylkesmannen i Hordaland til følge, og tek ut dei to siste setningane i vedtaket gjort den 08.11.2018, sak 085/18. Grunngeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

Godkjenningsvedtaket vert då:

*Austrheim kommune godkjenner **Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna - del av gnr. 163, planid. 2017005**. Plankart er datert den 01.10.2018 og reguleringsføresegner er datert den 05.10.2018. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.*

007/19: Godkjenning av Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner **Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune**. Forskrifta er datert oktober 2018. Grunngevinga for vedtaket er å oppnå dei miljømåla som er satt i Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Lokal forskrift er heimla i Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningslova) § 9 jf. Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 12-6, og Lov om behandling i forvaltningssaker §37.

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan m.m. Asbjørn Toft orienterte om arbeidet med forskrifta. Dette er utslepp som ikkje vert handterte av kommunale anlegg, og det er ein del vassdrag, vågar og pollar i Austrheim som er påverka av slike utslepp. Ei slik forskrift skal sikra god og lik handsaming uavhengig av sakshandsamar.

Det har vore store endringar i vassdraga berre sidan 1950-talet og fram til no, med bruk av kunstgjødsel, vassklosett og påverknad av sur nedbør. Forskrifta skal sikra god forvaltning av private avlaup. Der ein kan få det kopla på kommunalt anlegg gjer ein det, eller i tett leidning til sjø. Målet er å ha minst mogleg avrenning til vassdrag og vatn.

Om minireinseanlegg viste Toft til at effekten av desse kan verta påverka av kor stor bruken er, drift og vedlikehald, og ytre påverknad som lynnedslag eller anna.

Jorund Stellberg (Uavh.) sa at det var bra at det no kom ei lokal forskrift for Austrheim.

Samrøystes vedteke i formannskapet.

FS - 008/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner **Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune**. Forskrifta er datert oktober 2018. Grunngevinga for vedtaket er å oppnå dei miljømåla som er satt i Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Lokal forskrift er heimla i Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) § 9 jf. Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 12-6, og Lov om behandling i forvaltningssaker §37.

14.02.2019 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar for Plan, byggesak, oppmåling og miljø, Asbjørn Toft, orienterte på vegner av administrasjonen om det arbeidet som er gjort med den nye forskrifta, der ein har jobba saman med dei andre kommunane i regionen.

Vedtak: Sams vedtak.

KS - 007/19 - 14.02.2019 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner **Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune**. Forskrifta er datert oktober 2018. Grunngevinga for vedtaket er å oppnå dei miljømåla som er satt i Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Lokal forskrift er heimla i Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) § 9 jf. Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 12-6, og Lov om behandling i forvaltningssaker §37.

008/19: Endring av valkrinsane i Austrheim

Rådmannen sitt framlegg:

1. Austrheim kommunestyre slår saman valkrins nr 2 Årås og valkrins nr 3 Austrheim. Den nye felles valkrinsen får nemninga nr 2 Austrheim.
2. Austrheim kommunestyre vil nytte ungdomsklubben sine lokale til vallokale
3. Endringa gjeld frå og med kommunestyrevalet 2019.

14.02.2019 KOMMUNESTYRET

Fungerande rådmann Olav Mongstad orienterte om saka.

Bakgrunnen for saka er at det er fleire som førehandsstemmer no enn tidlegare, slik at det er mogleg å samla to krinsar på valdagen. I tillegg er det litt å spara økonomisk med å gå frå tre til to stemmestyre.

Viktigast er det likevel å ha god kontroll på datanetta som vert brukt i samband med valet, og dette har ein best kontroll på i kommunale bygg. Næringshagen sine lokale på Mastrevik Torg har vore vurderte som stemmelokale, men der er det eit anna nettverk og dette må ein vera forsiktig med. Idrettshallen har elles god tilgjenge, der ein kan kjøra nesten til døra ved behov.

Rådmannen vil endra framlegget noko og seia ungdomsklubben/idrettshallen, og ikkje berre ungdomsklubben

Varaordførar Anne Dahle Austrheim (KrF) støtta rådmannen i at det er viktig med eit godt nett som er sikkert, og la til at nett og elektronisk manntal gjer det enklare å vera valmedarbeidar både under avstemminga og oppteljinga. Austrheim sa vidare at det er betre å bruka idrettshallen og ungdommens hus enn Årås skule.

Sams vedtak med endringa til ungdomsklubben/idrettshallen i punkt 2.

KS - 008/19 - 14.02.2019 - Vedtak:

1. Austrheim kommunestyre slår saman valkrins nr 2 Årås og valkrins nr 3 Austrheim. Den nye felles valkrinsen får nemninga nr 2 Austrheim.
 2. Austrheim kommunestyre vil nytte ungdomsklubben sine lokale/Austrheimhallen til vallokale
 3. Endringa gjeld frå og med kommunestyrevalet 2019.
-